

# Langtidsplan for forsking 2023–2028

Vedteke 2.12.2022

Visjon:  
**Nynorsk for hovud og  
hjarte til heile landet**

Hovudmål:

*Fleire tilsette publiserer forsking, og me samarbeider med forskarar om  
meir forskingsbasert formidling*

Suksesskriterium:

*Tal: Tilsette med forskingstid*

*Tal: Førstekompetente som har gitt råd om utstillingar, turnear, festivalar*

*Handling: Vurdert til minst «tilfredsstillande» i Kulturrådet sine evalueringar*

Verdiar:

**Samlande  
Kreativ  
Påliteleg**

Samfunnsoppdrag:

**Me aukar kunnskapen  
og medvitet om nynorsk  
skriftkultur**

## A Gjennomgang av prioriterte mål

### Mål og suksesskriterium i strategi

Relevante mål og suksesskriterium står på framsida av dette dokumentet. Her er dei presisert og konkretisert som grunnlag for vidare oppfølging i denne strategien. Ein del mål og suksesskriterium er dekka av fleire planar og strategiar.

Mål og suksesskriterium i strategi	Fleire tilsette publiserer forsking, og me samarbeider med forskarar om meir forskingsbasert formidling	Tal: Tilsette med forskingstid	Tal: Førstekompetente som har gitt råd om utstillingar, turnear, festivalar	Handling: Vurdert til minst «tilfredsstillande» i Kulturrådet sine evalueringar
Presisering og konkretisering	Sjå andre punkt i planen.	Med personalpolitisk plan får fleire tilsette rett til forskingstid frå 2023.	NK har byrja å gjere dette systematisk og treng no berre ei rutine for å sørge for at det skjer alltid.	Hovudtema for evalueringa er Forskingskompetanse Publisering Forankring i organisasjonen
Prioritert tiltak	Sjå alle tiltak i denne planen.	Følgje opp personalpolitisk plan og sørge for at tal tilsette med forskingstid aukar eller blir verande på same nivå som året før	Etablere rutine for involvering av forskarar med førstekompetanse internt eller eksternt i alle større formidlingsprosjekt (utstillingar, DKS, festivalar osb.)	Følgje opp denne forskingsplanen

### Eksterne krav og signal

Denne gjennomgangen er for å sikre at andre krav og signal enn dei prioriterte mål og suksesskriteria blir følgd opp.

Eksterne krav og signal	Museumsmelding og tilskotsbrev
Krav	KUD legg til grunn at musea driv forskingsbasert formidling og innafor statstilskotet prioritérer å auke forskingsarbeidet og forskingskompetansen. Musea skal legge til rette for og sjølve utføre forsking.
Signal	I museumsmeldinga er det gitt signal om krav om forskarkompetanse og forskingsleiar i leiargruppene på musea.
Prioritert tiltak	Følgje opp denne forskingsplanen

ICOM	Forskning
Hovudutfordring	I Museet må anerkjenne forskning som en kjerneoppgave og gi forskere rom for definert forskningstid. Styret skal vedta en forskningsplan der de etiske retningslinjene fremgår tydelig. Ansatte som har forskning i sin stillingsinstruks, skal få bruke sin forskerkompetanse. Forskeren skal sette seg inn i og bidra til II Museet må ha nødvendig kompetanse for å administrere forskningen ved egen institusjon og sette seg inn i gjeldende avtaleverk for å bistå forskerne. Museer som er forskningsinstitusjoner etter forskningsetikkloven, skal ha redelighetsutvalg med kompetanse i etikk og juss. Andre museer bør vurdere lignende ordninger, gjerne i III Museene skal sørge for grunnfinansiering av forsknings- og utviklingsaktivitet. Eksternt finansiering (offentlig eller privat) skal ikke styre metodevalg, resultater og konklusjoner i forskningen. Det må være rom for grunnforskning som er fri, kritisk og uavhengig. IV Utstillinger, formidling, innsamling og bevaring bør være basert på forskning. Forskeren skal krediteres i alle relevante sammenhenger. Museet skal bidra til at samlingene tilrettelegges for forskning. Offentlig tilgjengelig informasjon om egne forskningsprosjekter, oversikt over

	å videreutvikle institusjonens forskningsetiske arbeid.	samarbeid med andre institusjoner		vitenskapelige publikasjoner og annen forskningsformidling skal utformes av museet.
Prioritert tiltak	<p>Alle tilsette med forskingstid får individuell plan for kvalifisering til t.d. konservator NMF eller ph.d. med rettleiar (ofte forskar II)</p> <p>Eigne tilsette skal bidra med vitskaplege publikasjonar årlig</p>	<p>Synleggjere forskingsadministrasjon i stillingsomtale til minst ein tilsett.</p> <p>Samarbeide med andre om å etablere eit reielegheitsutval.</p>	<p>NK skal ha felles digitale og fysiske møteplassar om forsking, etikk, metode, skriving.</p>	<p>Oppdatere og synleggjere Cristin-profilar for våre tilsette</p> <p>Forskar II blir ei fast ordning frå 2023.</p> <p>Synleggjere forskingsarbeidet digitalt, gjennom tekst, lyd og video, og eventuelle pressemeldingar, , og formidle forskingsresultata for ulike målgrupper.</p> <p>Etablere rutine for involvering av forskarar med førstekompetanse internt eller eksternt i alle større formidlingsprosjekt (utstillingar, DKS, festivalar osb.)</p> <p>Kartlegge forskingstema eigne og eksterne forskarar må sjå på fram til fornying av basisutstillinga i Aasentunet, og legge plan for dette.</p>

ICOM	Forskning			
Hovudutfordring	V. Forskeren er forpliktet til å arbeide i samsvar med etablert vitenskapelig, etisk og juridisk praksis innenfor sitt fagfelt. Dette gjelder spesielt i henhold til vurderinger gjort i de nasjonale forskningsetiske komiteene. Forskere i museer må ha særlig oppmerksomhet rettet mot forhold knyttet til lagring av	VI. Forskerens lojalitet til museet må ikke gå på bekostning av kritisk blikk på egen praksis.	VII. Museumsforskningen, dvs. forskning i, på og om museer, skal inngå i en vitenskapelig produksjon som formidler ny innsikt til et bredt publikum. Forskeren er ansvarlig for å inngå i en kritisk faglig offentlighet, også om det medfører ny kunnskap som strider mot tidligere kunnskapspraksis	VIII. Ved samarbeid med andre institusjoner om felles forskning skal det utarbeides avtaler som ivaretar museets egenart og integritet. Slike avtaler må også inneholde rettigheter til bruk av forskningsresultater og undertegnes av institusjonens leder.

	kildemateriale, lovgivning om personvern, samtykkeerklæringer og så videre.		ved institusjonen. Fagfellevurderingen skal være et viktig ledd i dette	
Prioritert tiltak	NK skal følgje etablerte forskingsetiske retningslinjer for all forsking.	NK skal sørge for at ICOMs museumsetiske regelverk vert nytta ved samarbeid med andre og forskingsprosjekt.	NK har minst 2 seminar/ konferansar årleg med vitskaplege bidrag frå eigne og andre institusjonar som kan utviklast til fagfellevurderte artiklar  Gi rom for at tilsette kan vidareutvikle, etablere og delta i nettverk med potensielle fagfellar og samarbeidspartnarar	NK skal sørge for at ICOMs museumsetiske regelverk vert nytta ved samarbeid med andre og forskingsprosjekt.

## Berekraftig drift av institusjonen

	Klima og miljø	Universell utforming	Tid, kompetanse og arbeid	Økonomi
Utdfordring	Forskningsverksemnd inneber ofte reising.	Forskingstekstar frå våre tilsette på engelsk/nynorsk må ha samandrag på motsett språk.	Ein må målrette tid og setje av tid til forsking for at tilsette skal verte meir kvalifisert til meir forskingsarbeid.	Over tid kan det vere behov for eigne midlar til å frikjøpe forskarar i periodar for forsking utan at det går utover anna arbeid.
Prioritert tiltak	Vurdere reising ved forskningsverksemnd kritisk for å halde klimautsleppa lågast mogleg	Forskingstekstar frå våre på engelsk/nynorsk må ha samandrag på motsett språk.	Alle tilsette med forskningstid får individuell plan for kvalifisering til t.d. konservator NMF eller ph.d. med rettleiar (ofte forskar II)	Vurdere behov for auka månadsverk for forsking i samband med budsjetta.

## B Status

NK har som overordna mål for perioden at me skal ha forsking som grunnlag for alt me gjer. Det fordrar å halde fram og styrke den auka satsinga på forsking frå sist strategiperiode.

Nynorsk kultursentrum vedtok i styresak 43/2019 forskingspolitikk for stiftinga:

*Kunnskapsproduksjonen i Nynorsk kultursentrum skal vere basert på vitskaplege metodar og teoriar og føre fram til formidling til ei bestemt målgruppe eller eit allment publikum.*

*Forskinga i Nynorsk kultursentrum skal ha ei klar problemformulering og følgje opp formålet til stiftinga og mål om kunnskapsproduksjon i ulike langtidsplanar.*

*Prosjekt blir godkjent av nærmaste leiar ved oppstart av prosjektet. Forsknings- og samlingsgruppa skal drøfte problemformulering, skisser og aktuelle problemstillingar før prosjektstart og undervegs.*

*Konservatorar og andre tilsette kan ha fast avsett forskningstid. Nærmaste leiar fastset reise-, litteratur- og materiellbudsjett for kvart forskingsprosjekt.*

*Kunnskapsproduksjonen skal vere basert på vitskapleg metode, ha teoretisk forankring, ha dokumentert kjeldebruk og følgje vitskaplege krav til referansar. Forskinga skal følgje juridiske og etiske retningslinjer for forsking, opphavsrett og personvern.*

*Eit forskingsprosjekt er ikkje rekna som avslutta før det har ført til publisering. Publiseringaskanalar kan til dømes vere utstilling, katalog, føredrag, artiklar, bøker, fagfellevurdert artikkel eller digitale verktøy.*

Forskingskompetansen i organisasjonen er slik:

	2022
Tilsette med ph.d.	1
Fast tilsette med ph.d. i arbeid	1
Tilsette med minst ein fagfellevurdert artikkel	6
Tilsette med mastergrad	12
Tilsette under MA-utdanning i arbeidstid	1
Tilsette med konservator NMF	1

Arbeidsavtalen og gjeldande personalstrategi legg til rette for 20–40 prosent forskingstid for einskildtilsette. Dette vart innført frå 2019. Frå 2020 har det vore eigne incentiv for å fullføre mastergrad, konservatorautorisering eller ph.d. i lønssystemet. Frå 1.1.2023 er det i personalpolitisk strategi vedteke å gi alle med mastergrad rett til 10 prosent forskingstid, uavhengig av stillingsplassering.

Forskingskompetanse er i større grad eit tema for formidling no enn tidlegare. Nynorsk kultursentrum, musea for skriftkultur, nyttar etablert forsking og kunnskap som me arbeider kritisk og metodisk med som grunnlag for formidlinga vår. Det er ikkje tradisjon for samanheng mellom den fagfellevurderte forskinga og konkrete formidlingsprosjekt. Det er eit mål at denne samanhengen skal verte styrkt. Samstundes må forskarane ha tid til å byggje nettverk og samarbeide med andre forskarar.

For basisutstillinga i Vinje og festivalen i Ulvik har forskarar vore knytte til råd og utviklingsgrupper for at forskarperspektivet skal vere med i utviklinga. Frå og med denne strategiperioden vil me bruke førstekompetanse ved utvikling av utstillingar og større formidlingsprosjekt heilt systematisk.

## C Tiltaksliste basert på måla

### Årlege tiltak

*Tiltaka er i prioritert rekkefølge, og blir konkretisert og prioritert i den årlege handlingsplanen. Dei første tiltaka blir prioritert først når ein skal prioritere mellom tiltaka.*

Nr	Tema	Mål/ tiltak	Ansvar
1	Kompetanse	Følgje opp personalpolitisk plan og sørge for at tal tilsette med forskingstid aukar eller blir verande på same nivå som året før	Direktør
2	Kompetanse	Alle tilsette med forskingstid får individuell plan for kvalifisering til t.d. konservator NMF eller ph.d. med rettleiar (ofte forskar II)	Forsking og samling
3	Kompetanse	Eigne tilsette skal bidra med vitskaplege publikasjonar årleg	Forsking og samling
4	Kompetanse	NK skal ha felles digitale og fysiske møteplassar om forsking, etikk, metode, skriving.	Forsking og samling
5	Formidling	Oppdatere og synleggjere Cristin-profilar for våre tilsette	Forsking og samling
6	Formidling	Synleggjere forskingsarbeidet digitalt, gjennom tekst, lyd og video, og eventuelle pressemeldingar, og formidle forskningsresultata for ulike målgrupper	Forsking og samling
7	Nettverk	NK har minst 2 seminar/ konferansar årleg med vitskaplege bidrag frå eigne og andre institusjonar som kan utviklast til fagfellevurderte artiklar	Forsking og samling
8	Nettverk	Gi rom for at tilsette kan vidareutvikle, etablere og delta i nettverk med potensielle fagfellar og samarbeidspartnarar	Forsking og samling

9	Rutine	NK skal sørge for at ICOMs museumsetiske regelverk vert nytta ved samarbeid med andre og forskingsprosjekt.	Forskning og samling
10	Rutine	Vurdere reising ved forskingsverksemdu kritisk for å halde klimautsleppa lågast mogleg	Forskning og samling
11	Rutine	NK skal følgje etablerte forskingsetiske retningslinjer for all forsking.	Forskning og samling
12	Rutine	Forskingstekstar frå våre på engelsk/ nynorsk må ha samandrag på motsett språk.	Forskning og samling
13	Rutine	Vurdere behov for auka månadsverk for forsking i samband med budsjetta.	Forskning og samling

### Tiltak gjennom perioden

Tiltaka er i prioritert rekkefølge, og blir konkretisert og prioritert i den årlege handlingsplanen. Dei første tiltaka blir gjort tidleg i perioden, og dei siste vert gjort ved tid og høve seinare i perioden.

Nr	Tema	Mål/ tiltak	Ansvar
1	Rutine	Etablere rutine for involvering av forskrarar med førstekompetanse internt eller eksternt i alle større formidlingsprosjekt (utstillingar, DKS, festivalar osb.)	Formidlingsleiar
2	Rutine	Forskar II blir ei fast ordning frå 2023	Forskning og samling
3	Formidling	Kartlegge forskingstema eigne og eksterne forskrarar må sjå på fram til fornying av basisutstillinga i Aasentunet, og leggje plan for dette.	Forskning og samling
4	Rutine	Synleggjere forskings-administrasjon i stillingsomtale til minst ein tilsett.	Forskning og samling
5	Rutine	Samarbeide med andre om å etablere eit reieleghetsutval.	Forskning og samling